



Statsforvaltaren I Vestland Avd Førde
Fjellvegen 11
6800 Førde

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/5927 - 23/81841

Saksbehandlar:
Roba Alserhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
24.10.2023

klage på avslag for søknad om OBB-midlar 2023

Forskrift om tilskott til organisert beitebruk

§ 13.Klage

Vedtak som er fatta i medhald av denne forskrift kan påklagast etter kap. VI i forvaltningslova av 10. februar 1967. Klage på saker som er avgjort av fylkesmannen skal stilast til Statens landbruksforvaltning og sendast til fylkesmannen. Klage på saker som er avgjort av Statens landbruksforvaltning skal stilast til Landbruksdepartementet og sendast til Statens landbruksforvaltning.

Bakgrunn:

Foretaket **TINA KVAMME GARSDRIFT** søkte om tilskot til tiltak i beiteområde den 03.08.2023.

Vi viser til søknad om tilskot til overvåking av beitedyr i utmarka på Vike. Kommunen har vurdert tiltaket i henhold til :

- investeringsmidler til organisert beitebruk (OBB) forskriften.
- Tiltaksstrategi for bruk av OBB midler for perioden 2021-2023.

Formålet med tilskot til tiltak i beiteområde er å legge til rette for best muleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda jf. forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder § 1.

Det er positivt tiltak, men denne søknaden oppfyller dessverre ikkje vilkårene for ordninga OBB.

Kommunen gjorde vedtak om avvisning datert 04.09.2023. Søkjar har klaga på vedtaket datert 04.09.2023.

Grunnlag for avvise søknaden:

- For å kunne søkje på ordninga må beitebrukar organisere seg i beitelag. Beitelaga må ha organisasjonsnummer og være godkjent av statsforvaltaren for å søkje tilskot. Beitelag kan søkje tilskot for beiting med sau, geit eller storfe som ikkje er i laktasjon. Lag for utmarksbeite skal ha minst 3 medlemmer med minst 150 småfeeiningar (1 storfe = 10 geiter = 10 sauer). Lag for innmarksbeite skal ha minst 2 medlemmer og 100 småfeeiningar. På grunn av dette, Alver kommune har vedtatt å avvise søknaden.

Klagen:

Etter mitt syn har Alver kommune avvist søknaden på feil grunnlag. Det står utvilsamt at enkeltforetak kan søkja på tilskotet. Ein har ikkje vurdert kriteria for dette i det heile, men avvist søknaden grunna at søkjar ikkje er med i eit beitelag. Dette er opplagt ein ugyldig grunn til å avvise søknaden. Eg viser til søknaden der me gjer greie for tilhøva og kvifor me kvalifiserer til tilskot. Eg vonar kommunen gjer om vedtaket og ikkje brukar unødig med tid på å senda det til statsforvaltaren, då eg ikkje kan sjå at det skulle vera nødvendig, i ei så opplagt sak.

Vurdering:

- Søkjar har klaga på kommunen si avvisning.
- Klaga er komen inn innan frist.
- Kommunen har i vedtaket gjort greie for kvifor søknad vert avvist.

Konklusjon:

- Sjølv om forskrifta åpna for at en kan gi tilskot til enkeltmannsføretak, har landbruksavdelinga prioritert å nytte desse midlane til beitelaga.
- Me er positiv til at utmarka blir brukt som beite, men utfordringar som klager tek opp vil gjelde mange i Alver. Med begrensa midlar, har me prioritert beitelag.
- Det er to aktuelle beitelag som søkjar kunne blitt medlem i.
- Landbruksavdelinga ser ikkje at det er kome fram nye moment som tilsei at me skal ta klaga til følgje. Dette er ei prinsipiell sak som kan vera viktig å få prøvd hjå Statsforvaltaren. Saka vert sendt over til Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Alserhan
Rådgjevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag av vedtak- gbnr 219/2 Vike
epost - klage på vedtak 20235927, Agros 241443
Vedtak til søknad om tilskudd - tiltak i beiteområde - gbnr 219/2 Vike
AcosSvarInn.xml
Søknad om tilskudd - tiltak i beiteområde - gbnr 219/2 Vike
AcosSvarInn.xml

Kopi til:

Torgeir Andvik

OSTEREIDET

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland Avd Bergen

5020 Bergen

Statsforvaltaren I Vestland Avd Førde Fjellvegen 11

6800 Førde